



**PROTOKOLL – ÅRSMØTE I OLAV SLETTØ-SELSKAPET
LAURDAG 21. 6.2014 KL. 1100 - 1400, VIKA VELFERDSSENTER, HOL**

1.	Årsmøtesaker	Vedtak/oppfølging/ansvar
	Saker til årsmøtet må vere meldt til styret seinast 31. mai 2014 .	Ingen saker melde, utanom styrets forslag, sjå pkt. 8
2.	Opptelling av talet på møtedeltakarar med stemmerett og fullmakter.	15 røysteføre møtte.
3.	Godkjenning av innkalling og saksliste.	Innkalling og saksliste godkjent.
4.	Val av to personar til å skrive under årsmøteprotokollen	Oliv L. Bakkeplass og John Johnsen valde.
5.	Årsmelding 2013/2014 – delt ut i møtet, og publisert på nett etter årsmøtet	Eva Almhjell – gjennomgang av årsmeldinga. Årsmeldinga vedteken.
6.	Årsrekneskap – delt ut i møtet	Ola Ruud – gjennomgang av revidert rekneskap for 2013-2014. Resultatrekneskapen viser eit årsoverskot på 20 440 kr. Ynskje om meir nedskriving av boklageret ved neste rekneskapsperiode, samt ei oversikt over nye bøker i boklageret i OSS. Styret følgjer opp. Rekneskapen deretter vedteken.
7.	Årshefte 2014 - delt ut i møtet. - Prospekt 1: Vi arbeider med eit eige årshefte 2014 utan fagleg stoff. Det er dette som blir omdelt i møtet og publisert på nett etter årsmøtet. - Prospekt 2: Eigen bok (stive permar) med artiklar av Eva Almhjell om Anne J. Sletto og Jørn Øyrehaugen Sunde om den retthistoriske utviklinga for lause kvinner og lause ungar i Norge. -Søkje støtte hjå dei same kjeldene som til Per Gjetar. -Boka er like aktuell i Vestfold som i Hallingdal og ellers i landet. Anne J. Sletto var tenestjente i Vestfold i 15-20 år. I Hol var ho ca. 40 år (1910-46).	Eva Almhjell – orienterte om innhaldet, m.a. om leiertankar i pkt. 1 og om den nylanserte serien MI LESEOPPLEVING i pkt. 5, der medlemmer av OSS blir invitert til å gi si leseoppleving av Olav Sletto-litteratur i komande årshefter. Årsmøtet slutta seg til det nye. Eva ga også ein smakebit frå artikkelen om mor til Olav Sletto, Anne Jensdotter Sletto. Årsmøtet støtta styret i å gi ut artiklane til Eva Almhjell og Jørn Øyrehaugen Sunde i bokform (hardback).

8.	<p>Innkomne forslag Styre foreslår endring av: § 7. ÅRSMØTET. Årsmøtet skal haldast i samband med markeringa av Olav Sletto sin fødselsdag, 21.juni, eller nærmeste laurdag. endrast til "i løpet av første halvår". Grunngjeving: Slutten av juni er eit uhøveleg tidspunkt for mange som ellers ville vore med på årsmøtet.</p>	<p>Arne Skogheim viste til at malen for OSS sine vedtekter var hente fra Hans Børli-selskapet, der årsmøtet var lagt til HB sin fødselsdag (HB er født 8.12.1918). AS støttet styret sitt endringsforslag. Ny ordlyd blir:</p> <p>§ 7. ÅRSMØTET Årsmøtet skal haldast i løpet av første halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan, vedtektsendringar og vel styre og revisorar. Saker som skal takast opp på årsmøtet må vera styret i hende 14 dagar før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.</p> <p>Årsmøtet slutta seg til dette.</p>
9.	<p>Val – innstilling frå valnemnda. Etter dette ser styret slik ut: Eva Almhjell, leiar (2014-2015) Britt-Mari Sletto, nestleiar/kasserar (2014-2015) Grethe Larsgard Rudningen (2013-2015 – ikkje på val) Maria Søndrol (2014-2016) Margarethe L'orange (2014-2016)</p> <p>Valnemnd: Turid Birgit Lien (2014-2015) Brit Kaupang (2014-2016)</p> <p>Ellers ingen endringar.</p>	<p>Valnemnda innstilte Maria Søndrol og Margarethe L'orange til styret etter Kåre Olav Soljhell og Elisabeth Aaker.</p> <p>Årsmøtet slutta seg til innstillinga.</p> <p>Styret innstilte Brit Kaupang til valnemnda etter Knut Medhus.</p> <p>Årsmøtet slutta seg til dette.</p> <p>Eva takka Kåre Olav Soljhell, Knut Medhus og Elisabeth Aaker for følgje, og ynskte dei nye velkomne.</p>
<p>Dr.philos. Kari Telste, Norsk folkemuseum, held foredrag om temaet "Tenestjentene si historie i Norge". Hovet Bygdekvinnelag hadde laga vakker og velsmakande lunsj. Årsmøtet avslutta med boktorg.</p> <p>Karin Bull donerte i pinsa eit vakkert ølkrus i tre med fin dekor til Olav Sletto-selskapet. Det står no i Olav Sletto-rommet på Holet skule/Holet bibliotek. Dette var etter ynskje frå Irene Muri, mor til Karin Bull og yngste dotter til Olav og Karin Sletto. Olav Sletto-selskapet takkar så mykje!</p>		

Underteikna 21.6.2014

Oliv L. Bakkeplass

Oliv L. Bakkeplass

John Johnsen

John Johnsen